



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Dykkar ref.
9d7001fd-c76a-43e9-
a701-54f57d5196bd

Vår ref.
25/1091 - 2

Dato
14.10.2025

Innspel til planprogram - Regional plan for areal og mobilitet

Eidfjord kommune gjer innspel til planprogrammet til *Regional plan for areal og mobilitet* med bakgrunn i synsvinklar frå ein distriktskommune. Me meina det er positivt å samla tema i felles planverk, det gjer materialet enklare å nytta då det er eit mangfald av planar.

Overordna meina kommunen at ein regional plan skal vera eit arbeidsverktøy som ikkje er juridisk bindande for kommunane. Planverket skal vera ei rettesnor og hjelpemiddel for kommunane. Vidare bør ikkje planverket setja strengare krav regionalt, en kva so går fram av nasjonal politikk.

Regionssenter og transportstruktur

Eidfjord er lokalisert inst i Hardangerfjorden, eit stykke i frå nærmaste regionssenter Voss og Odda. Veginfrastrukturen har varierende kvalitet og reisevegen til tenester og aktivitetar kan vera lange. Som distriktskommune er det viktig å sikra at folk ynskjer, og har høve til, å bu i distrikta for å halda bygdene livskraftige. For å møta framtida med skjerpa omsyn til klima, bør det satsast meir på kollektivtransport i distrikta. Dette vil gjera ungdommar, arbeidstakarar og eldre meir fleksible i val av framkomstmiddel til sine respektive aktivitetar.

Me skjønar grunnlaget for å dela kommunane inn i kategoriar med ulike moglegheiter, føringar og strategiar basert på gitte kriteria, men opplever at det i nokre saker vil vera ei styrke, for andre vil det vera ei begrensning. Me ber fylke vera forsikring med å ikkje setja for mange og store restriksjonar for dei mindre bygde- og kommunesentera.

Berekraftig arealforvaltning

Distriktskommunar i vestlandsk fjordlandskap byr på utfordringar i høve flaum, rasfare, kvikkleire og kulturminne for å nemna nokre. Areal som er tilgjengeleg for utnytting vert stadig redusert gjennom nye funn, rapporter og omsynssoner.

Strandsona og sjøområde langs fjorden er under press. Det vert synt til planverk for Ytre Hardanger og Sunnhordaland. For fleire kommunar innover i fjordsystemet oppleva me ei auka interesse for fjordområda. Planverket må og omfatta fjordområda innover, ikkje berre kysten. Det er mange interesser kring strandsone og sjøareal, det er press på utbygging på land og på sjø for næring og privat bruk.

Planverket skal ta føre seg reiselivet, med fokus på berekraftig besøksforvaltning. Hardanger er ei sterk merkevare, kor turistane valfartar. Ein må sikra gode grep for å ivareta vår unike natur og det lokale friluftslivet.

Mobilitet og transport

Me observera at kartillustrasjonen i kapittel 2 ikkje inkludera riksveg- og europavegnett. Eidfjord kommune meina rv. 7 over Hardangervidda og bør syna på framstillinga. Av kartet observera me at ferjestrekninga Kinsarvik – Utne, Utne – Kvandal manglar i illustrasjonen. I forlenging av kartet bør ein sei noko om ein overordna ladestruktur i fylket, gjerne med fokus på tilbod til tungtransport-næringa.

Vidare meina Eidfjord kommune at planverket bør seia noko om vidareutvikling av rv. 7, med bakgrunn i fokus på miljøtunnelar over Hardangervidda. Dette er grunngjeve i situasjon knytt til villrein, trafikktryggleik og vinterregularitet. Det bør framkoma at ein forsterka passasje aust-vest over Hardangervidda vil styrka Vestland.

I forlenging av dette bør planverket omtala tilhøva til nasjonal turistveg. Langs fleire vegstrekningar i Hardanger er Nasjonale turistveggar ein sentral aktør. Det må utgreiast korleis tilhøvet mellom fylke og stat, samt konsekvensar for kapasitet og trafikktryggleik på desse vegane med bakgrunn i auka turisme.

Me ser at E134 over Haukelifjell er inkludert i kartet. Her bør arbeidet med arm til Bergen frå E134 omtalast. Dette er eit større pågåande prosjekt som og vil knyta distriktet mot byen, og vidare mot sør-austlandet.

Lokallinja fv5096 frå Eidfjord til Simadal bør prioriterast i høve rassikring og standardheving. Vestland fylke har store interesser i Sima kraftverk, Norges 2. største kraftverk med ein produksjon av 3113.2 GWh årleg. Anlegget til Statkraft sysselsetta ein stor del av kommunen sine innbyggjarar. Kommunen har fokus på Simadal i høve næringsutvikling; det er godt eigna områder og tilgjengeleg kraft.

Med venleg helsing

Anne Kommedal
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend i høve interne rutinar og har derfor ingen signatur